

Tiden er inne til at den annen front må opprettes i Europa!

Død over okkupantene og deres femte kolonne, quislingene!

FRIHETEN

20 1943 - KAMPORGAN FOR NORSKE PATRIOTER

På grunn av visse forhold er nedenstående artikkel blitt forsinket:

7 JUNI —

Som merkjedag for fridom og sjølstende har 7 juni ein brei plass i nordmanns hjarta. Då vart Norge i 1905 løyst frå unionen med Sverige og fridomsverket frå Eidsvoll 1814 på ny sett i kraft. Men attom denne merkjedagen låg ein fleire hundre-årig strid for å vinna at husbondsretten til vår heimjord.

Det har aldri høvd for nordmenn å vera trelar under framande herrar. Sagatia leikar enno i hugen vår. Dei norske fjordar, fjell og dalar fostra eit høgrest folkeferd, ærkekjært og stolt, hugfest til fridom, heim og ætt. Av norsk jord rann ein sermerkt norsk kultur og norsk mål. I kamp med ein vill natur vaks vågemot og sterk tru på eigen kraft og styrke.

Den dansketia la mørke over landet. Vår eigen kultur, målet og sjøleigarretten vart ikkje lenger vord. Dei danske futane stal rikdomane våre saug ut folket og for fram med vald. Og tysk adel, som trengde seg inn ved det danske hoffet og i det danske embetslivet, sette eit sterkt preg på den omsynslause styringa me fekk. Trælekåra dreiv det norske folket til kamp. Dei verste futane vart jaga

eller slegne ihel. Nye slektledd tok opp striden, og fridomsviljen vann siger. Riksforsamlinga på Eidsvoll 1814 kunngjorde nasjonal fridom og folkestyre.

Danskestyret hadde gitt oss ein hard knekk, økonomisk og kulturelt, og me hadde mist ein god del av sjølkjensla vår. Økonomisk vanmakt førde til union med Sverige. Men konstitusjonen av 1814 gav grunnlag for ei rik bløining i norsk næringsliv, i kunst, vitenskap og forskning. Ei slik grotid hadde me ikkje hatt sia sagatia. Urkrafta vart henta fram att i folket. I dikt og dād, i tonar og farger vart kjærleiken til landet og folket meisla inn i hugen vår. Gjeve menn bar Norges namn ut over verda. Då svenskane ville krenke Eidsvollsmerket, reiste me oss til ny strid, og 7 juni 1905 fekk Norge sin plass millom frie nasjonar.

I den tia me no fekk rå oss sjølve var det stor framgang og vokster i nasjonen. Fridom, lov og rett vart rotfest i folket. Men me var ikkje vakne for trugsmåla utanfrå. Me såg ikkje klårt nok kva Hitler-veldet i Tyskland innebar. Både åndeleg og militært var me dårleg budd då valdsmakta kasta seg over oss. Me laut strekke våpen, og målmedvete

gjekk fienden straks i gang med å gjera oss til reidskap i krigen for tysk verdsherredøme. Alt åndeleg og materielt liv har han underordna sin krigspolitik. All vår nasjonale eigedom, og folket med, er sett inn i Hitler si krigsmaskine. Me råskap og vald — som også til no ikkje kjenner til — er fedrelandet plyndra og kuva. Slikt vil me ikkje finna oss i lenger. Den nasjonale æreskjensla er tråkka på. Livsviljen og trongen til å vora fri maun bryt i bringa vår. Me spør etter kva me kann gjera.

Me må gjera fridomskampen so omfattande og slagkraftig som mogleg. Kvar må gjera sin innsats, der det krevst mest, og der det gir dei beste resultater. Du som eig fabrikk, verkstad eller gruve — det er di oppgåve å syta for at det vert produsert minst mogleg for fienden og at han får minst mogleg av ferdig vare —

Du som eig forretning eller driv handel — det er di oppgåve å syta for at mat og klær kjem vårt eige folk tilgode. Du som er bonde — du

som er fiskar — saboter alle tyske rekvisisjonar og forordningar. Du må syta for at dine produkter kjem fram til eigne landsmenn —

Du som arbeider på kontor eller har åndeleg yrke, du som arbeider i industrien, i transporten, på gården eller i skogen -- nekt alt tysk arbeid. Saboter alle tyske krigstiltak.

Alle må me etter evne yta pengehjelp til fridomsarbeidet. Ingen aktiv kjempar må vanta turvande hjelp. Heile folket — utan omsyn

til klasse eller parti - må stå ubryteleg einigt og samla. By og land må organiserd ta sikte på å skada og øydeleggje fienden si krigsmaskine. Sabotasjen må aukast i alle former. Landet vårt treng fleire friskaretroppar.

Våre forfedre kjempa seigt og lenge, i slekt etter slekt, før dei var i fridomen i 1814. Men då svor dei ein dyr og heilag eid: Einig og tru til Dovre fell! Og dei slo ring om Eidsvollsmærket.

Deira eid og kamp kviler no på oss. Soga vår, med sin sekellange strid for fridom og rett, krev i dag at me i handling visar me er nordmenn. Den hardføre krigsviljen, den hensynslause innsatsen, offerviljen og heltemotet må fram att i kvar ein-skild av oss.

Under kongen sitt valgspråk —
ALT FOR NORGE — i kjærleik til heim og land, i truskap mot vår fedrearv, må me vera budd på å ofra ALT for å vinne Norge att. Reint og fritt skal då flagget på ny slå i vinden, og høgreist og stolt kann me med Bjørnson syngja:

Ja, vi elsker dette landet,
som det stiger frem,
furet, værbitt, over vandet,
med de tusen hjem —
Elsker, elsker det og tenker
på vår far og mor
og den saganatt som senker,
senker drømme på vår jord.

PATRIOTER I KAMP

Norske patrioter har sprengt ei bru ved Stavanger og har avsporet et tog, i nærheten av Oslo og satt fyr på et militærdepot. I Nord-Norge har norske patrioter ødelagt de tyske sambandslinjene slik at det har skapt stor forvirring i forsyningene til de tyske tropper.

Danske patrioter har ødelagt en mindre fabrikk med brannbomber. Idrettshuset i Sundbyhede er også ødelagt. Et annet sted angrep en vepnet sabotasjetropp en fabrikk som laget krigsmateriell. Patriotene uskadeliggjorde vaktene og førte dem til en kjeller. Så anbragte de tidsinnstilte bomber i fabrikkene og forsvant. Fabrikkene for i lufta, og eksplosjonen var så kraftig at glassrutene i omkringliggende kvartaler gikk i stykker. En av vaktene måtte bringes på sykehus.

Polske patrioter har i flere byer brent opp planene for fordelingen av landbruksleveransene og registreringskortene for mobiliseringen. En stor jernbanestasjon ble sprengt og et tog avsporet. En jernbanestasjon ble angrepet og ødelagt. Polske patrioter har også angrepet en fangeleir, slått ned vaktene og befridd de landsmenn som satt fengslet. De har videre henrettet en tysk general, Wilhelm Libertau. Og på åpen gate i Warszawa drept 5 gestapomenn.

Belgiske patrioter gikk i Gent til angrep på en tysk bevoktning. De ødela listene over de tvangsutskrevne som skal sendes til Tyskland. På et sted ble jernbanelinja brutt så trafikken må innstille en måned. På et annet sted ble demningen brutt så kanalen ble ufarbar i 5 km lengde.

NAZI-KULTUR

Tidlig en morgen for ei tid sia fant noen beboere i Hafrstjordgt. 10 en mann liggende utenfor gården fullstendig døddrukken. De ringte sjølsagt til politiet og fikk kadaveret fjernet.

De skulde heller latt det ligge. Det viste seg å være en annen av gårdens beboere, nemlig nasipampen Ragnar Arnold Boye-Jensen, ansatt i Kulturdepartementet, og en slik forsmedelse som å bli arrestert kunne han ikke uten videre la gå upått. Kultursprederen visste hvordan han skulde ramme de skyldige. Han skrev et brev til Terboven og anga hele gården som et «overordentlig jøssingrede», med den følge at samtlige beboere, unntatt Boye-Jensen ble kastet, ut på kort varsel. Slik handler de tyske ærendssveiver.

NASJONAL INNSATS

Ærendssveinene for okkupasjonsmakta - Quisling og hans «regjering» - vil tvinge oss til «nasjonal arbeidsinnsats. Leiesoldatene kan kalle det matauk, vedhogst eller hva de vil - vi vet det er tysk krigstjeneste. Vi blir gjort til soldater for verdensbarbareren Hitler - i krig mot oss sjøl - mot våre allierte. Nordmenn!: Mobiliseringsordren 9 april 1940 kalte deg til krig mot Hitler. Tvangsutskrivinga har nå bragt vår krig inn i en ny fase, den alvorligste hittil. Ansvar for nasjonen, vår egen og våre barns fremtid krever en målbevist kamp av oss alle. En snarlig seier avhenger av om du og jeg følger mobiliseringsordren til landets konge og lovlige regjering.

skrevet: må hverken søke eller ta imot noen stilling som er ledig eller vil bli ledig på grunn av arbeidsmobiliseringa. Ingen kvinne må ta arbeid som i dette tilfelle normalt utføres av mannlig arbeidskraft. Ungdom må ikke søke eller ta arbeid som ellers utføres av voksne. Ingen må søke stilling i stat eller kommune. Norske patrioter blir i landet. I grupper på 3—7 mann slutter vi lag og fører fridomskrigen videre. Med en som leder skaffer vi oss våpen og nødvendige hjelpemidler med sikte på å ødelegge fiendens krigsmaskin, transport og hær.

NED MED MORDBANDITTENE!

Sverre Refstad var en staut nordmann i sine beste år, en bevisst fridomskjemper som var budd på å ofre alt for Norges sak. Hitlers blodhunder - Gestapo - har nå utslettet ham.

Tirsdag etter pinse ble hele Risløkka omringet av tyske politisoldater, over 100 ialt. Området ble avspærret og endel av de tyske banditter kjørte opp foran huset hvor Sverre Refstad bodde. Refstad prøvde å komme seg unna, men rakk ikke lenger enn ut i gaten. I det samme knitrer maskingeværene løs. Den vergeløse Refstad blir fullstendig gjennomhullet av kuler. Han faller til jorden og de to nasidjevlene som hadde truffet, stormer fram. Over det ukjennelige og blodige lik av den myrdede nordmann og under rå jubel av de andre svina omfavner de to mordbandittene hverandre. I sadistisk gledesrus lykkes de hverandre etter fullført bloddåd.